



ABO PLAN & ARKITEKTUR AS  
Postboks 291  
5203 OS

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352  
Svanhild Sortland, 3337 1133

## Uttale til oppstart av reguleringsplan for Lindås gravplass nedre i Alver kommune

Vi viser til brev om oppstart av reguleringsplan for Lindås gravplass nedre sendt 14.06.2023.

Formålet med planen er å utarbeide ein detaljreguleringsplan for utviding av nedre gravplass i Lindås sentrum. Arealet på gnr/bnr 108/627 og 586 vil bli regulert til grav- og urnelund med prosesjonsveg mot kyrkje i sør og vegtilkomst frå Kolåsvegen.

I kommuneplanen sin arealdel 2019-2031 er største delen av området sett av til grav- og urnelund. Resten av området er bustad og grøntareal. Det er vurdert at det ikkje vil vere naudsynt med konsekvensutgreiing.

### Statsforvaltaren sine merknader

#### Karbonrike areal

Det er myr i planområdet. Myr er karbonrike areal som ein skal vere varsam med å omdisponere. Myr er viktig både som lager for klimagassar og omdisponering kan føre til at klimagassane i myra kjem ut i atmosfæren. Det ser ut som tilkomstveg, midlertidig gang- og prosesjonsveg og parkeringsplass vil komme i konflikt med areal registrert som myr. Vi viser til [Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning](#) og til [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#), som begge legg vekt på at planlegging skal bidra til å redusere klimagassutslepp. I nye Nasjonale forventningar står det mellom anna:

*«Det er viktig for Noreg si evne til å oppfylle natur og klimamåla at fylkeskommunane og kommunane bruker planverktøya til å hindre nedbygging av karbonrike areal som skog og myr, men også jordbruksjord (særleg beitemark).»*

Myrområde bør slik vi ser det ikkje byggast på om dette kan unngåast. Planarbeidet må omtale klimagassutslepp, og eventuell nedbygging av karbonrike areal.



### Naturmangfold

Det er opplyst at det er registrert parkslirekne i planområdet. Dette er ein framand art som er vurdert til å ha særst høg risiko. Arten har stor invasjonspotensiale og høg økologisk effekt. Det må vurderast om det er risiko for at tiltak som planen opnar for kan føre til spreiring av arten, og det må eventuelt vurderast avbøtande tiltak.

### Om planlegging av gravplass

Gravplassen skal ein halde i hevd og forvalte med slik orden og vørndnad som eigenarten legger til grunn (sjå § 1 i gravplassforskrifta). Ein skal ta vare på gravplassen sin særleine funksjon på ein verdig måte, særleg som stad for gravferd, sorg og som minnestad. Kommunen skal sørge for at det er tilstrekkeleg areal til gravplass og skal sjølv, i samråd med gravplassstyresmakta, regulere slikt areal.

- Arealformålet for gravplassen skal være «grav- og urnelund».
- Det bør utføres ein geoteknisk undersøking for å avklare om området er høveleg til gravlegging.
- Regulert areal til ny gravplass eller utviding av gravplass, skal om mogeleg òg omfatte ein buffersone mellom gravplassareal og naboskap slik at ein tar vare på karakteren til gravplassen. Buffersona kan ha formål grønnstruktur.
- Gravplassen skal ein skjerme mot støy i samsvar med gjeldande retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegginga T1442/21, jf. Gravplassforskriften § 2. Støy må derfor vurderast i planprosessen, både i anleggsfase og driftsfase. Ev støytiltak kan ein kombinere med buffersone.
- Reguleringsplanen legger hovudrammene for sjølve gravplassplanen. Statsforvaltaren skal godkjenne han. Tema som tilkomst, parkering og hellingsgrad (universell utforming) må vurderast i planprosessen.
- Ingen kan ha veggrett over gravplassen, han kan heller ikkje ha nokon form for luftstrekk.
- Gravplass inngår ofte i eit område med freda/listeført kyrkje eller andre verneverdige kulturminne, kulturmiljø og landskap, slik at ein ofte skal sette gravplassen/kyrkjestaden som omsynssone. Karakteren til det eksisterande kulturmiljøet legg vesentlege rammer og premiss for plasseringa og utforminga av gravplassutvidinga/den nye gravplassen.

Sjå gravplassloven, [gravplassforskrifta](#), [Rundskriv Q-06/2020 Forvaltning av kirke, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø](#) (Barne- og familiedepartementet og Klima- og Miljødepartementet) og [Gravplassrettleiaren](#).

Statsforvaltaren minner elles om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Statsforvaltaren gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !



Med helsing

Arve Meidell  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Alver kommune

Vestland fylkeskommune

Statens vegvesen Region vest

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Postboks 4

Postboks 7900

Postboks 43

Postboks 2076

5906

5020

6861

3103

FREKHAUG

BERGEN

LEIKANGER

TØNSBERG